

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

Terje Søviknes (FRP) sette fram på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 6

Vestland fylkeskommune ber om at det ikkje vert sett opp bom på sidevegane.»

Nils Haugland (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 6

Vestland fylkeskommune ber om at det vert etablert ei ordning som skjermar bebuarar rundt bomstasjonane på fv. 5158 og noverande E39, t.d. med eit 2-bom system der ein berre betaler dersom ein passerer begge dei aktuelle bommane i løpet av ein time.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-5 og 7 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster (FNB, FRP, H) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 7 røyster (FNB, FRP, H) og fall.

Innstillinga punkt 6 vart vedteke mot 3 røyster (FNB, H)

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til ei omlegging av takst- og rabattsystemet for E39 Svegatjørn - Rådal i tråd med føringar i Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016).
2. Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst rabatt med gyldig brikke og brukaravtale.
3. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betaler 50 pst av rabattert takst for takstgruppe 1.
4. Takstgruppe 2 betaler 2 gonger taksten av takstgruppe 1
5. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 pst rabatt og er dermed friteke for betaling av bompengar.
6. Vestland fylkeskommune vil samarbeide med Bjørnafjorden kommune og Bergen kommune om initiativ til å finne fram til ordningar som kan skjerme bebuarane rundt bomstasjonane på fv. 5158 og noverande E39.
7. Vestland fylkeskommune godkjenner at bompengelskapet kan søkja om å setta ned gjennomsnittstaksten med 10% for å motta tilskott frå tilskottsordninga for reduserte bompenger takstar for riksvegar utanfor storbyområda.